



Ål kommune

Kulturdepartementet v/ kirkeavdelingen

Dykkar ref.

Vår ref.
14/01598-3

Dato
16.09.2014

Høyringsvar frå Ål kommune - Lik og Likskap

Ål kommune gjev med dette høyringsvar for NOU 2014:2 «Lik og likskap».

Dei seks prinsippa som utvalet har lagt til grunn for arbeidet er logiske, og i samsvar med NOU 2013:1 om «Det livssynsåpne samfunn» som kom i 2013. Ål kommune er samd i at gravlegging i prinsippet skal vera kostnadsfri uansett religion eller livssyn.

Svar til punkt 8.4 om utanbygds gravlegging:

Ål kommune har til no kunne teke seg betalt frå pårørane for såkalla «utanbygds gravferd» ved gravlegging av ein person som er folkeregistrert i ein annan kommune. Kommunen er ikkje samd i forslaget om at denne ordninga skal gå ut, og erstattast av fakturering med ein fast pris mellom kommunene / fellesråda.

Det er stor kostnad med å opparbeide gravplassar, og kostnadene er ulike frå stad til stad. Somme kommunar har også problem med å finne nok gravareal. «Likskap» i dette høvet bør vera at alle skal ha rett på fri grav i sin heimkommune. Slik kan ein planlegge gravareal for sine egne innbuarar utan å måtte ta omsyn til eventuelle andre. Pålagt gravlegging av folk tilhøyrande andre stader vil føre til stor usikkerheit i gravplassforvaltninga. Dette er særleg viktig for turistkommunar med mykje hytteutbygging. Kommunen/gravplassforvaltninga må kunne seie nei til gravlegging av utanbygds buande. Om pårørande har sterkt behov for gravlegging i ein annan kommune enn der avdøde er folkeregistrert, bør det vera dei sjølve som søker, og som ber det økonomiske ansvaret. Unntaket må vera der avdøde har opphelde seg i ein annan kommune grunna sjukdom eller andre særlege omstende. Prisen bør framleis setjast ut frå faktisk kostnad for gravlegging på den einskilde stad.

Svar til punkt 9.4.2 om plassering av ansvar for gravplassforvaltninga:

Ål kommune meiner at gravlegging er ein siste stasjon i det offentlege ansvaret for helsearbeid, og at gravplassforvaltninga prinsipielt skal ligge til kommunen. Men det må vera rom for at ein kan spegelvende gravferdslova §23 slik:

«Etter avtale mellom kommunen og kirkelig jellesråd, kan det ansvar og den myndighet som i loven



her er lagt til kommunen, med departementets godkjenning, overføres til kirkelig fellesråd.»

Økonomi:

Når det gjeld økonomi, er det viktig at gravferdsforvaltninga får kompensert fullt ut for dei inntektstapa endringane fører med seg.

For Ål kommune

Tone Tveito Eidnes
rådmann

Dokumentet er elektronisk signert

Kopi til: